

Søknad om stønad til Songkoret Albatross sitt filmprosjekt, «frå Broadway til Folket ved fjorden»

Songkoret Albatross er eit blanda kor som held til på Fammestad, i Lindås kommune.

Koret vart stifta for 30 år sidan og har for tida 21 medlemmer.

I samband med 30 årsjubileum no i 2018, skal me gjennomføre eit litt større korprosjekt der filmmusikk gjennom tidene er tema. Det er planlagt 2 konsertdagar, 6. og 7. april 2018.

Songkoret Albatross ynskjer med dette brevet å **søkje om kr. 25.000,- i stønad til prosjektet.**

Litt om prosjektet:

Samstundes som Songkoret Albatross har 30 årsjubileum i 2018, er kinoen på Fammestad, den einast faste kinoen i kommunen, 35 år. Det er med bakgrunn i dette at koret ynskjer å gjennomføre ein jubileumskonsert med filmmusikk som tema. Det vil bli eit variert program som spenner om musikk frå filmar på tidlig 1900-tal og fram til store filmar som Hobbiten/Ringenes Herre i vår tid. Det er planlagt framsyning av små filmsnuttar som ein del av regien. Filmframstilling vert via kinoens anlegg.

Med oss på laget har me og fått Hjelmås mannskor og koret har leigd inn 3 profesjonelle musikkarar, Dagfinn Andersen, Tore Vabø og Fred Johannesen.

Som med alt anna medfører eit slik prosjekt kostnadar.

Oversikta viser at me må få inn sponsorinntekter og stønad for rundt kr. 100.000,- for å gå i null.

Budsjetterte inntekter: Kr 121.500,-

Budsjetterte utgifter: - Kr 225.000,-

Behov for midlar: Kr **103.500,-**

Inntekter består av reine billettinntekter.

Utgifter er basert på musikkarar, lokale, lyd/lys, sceneleige, kostyme, notar, plakatar, annonsering, filmavgifter, komponistavgifter etc.

Det vil og vere mogleg å gi stønad ved å få logo inn i programmet. Programheftet blir trykt opp og bestå av arkstørrelse A4 bretta til A5. Pris for logo i program er vist i vedlagt skjema.

Me ynskjer helst svar innan 16. februar 2018.

De vil bli kontakta kort tid etter denne dato dersom me ikkje høyrer frå dykk ☺

Svar og logo kan sendast på følgjande e-postadresse: songkoret.albatross@hotmail.com

Kontonummer for stønad (kontant og/eller firmalogo) **3632.07.05309**

Me håpar på positivt svar!

Beste helsing
for Songkoret Albatross

Torunn Seljelid, Kjell Eikemo, Heidi Spjeldnes og Irene Wilhelmsen

Prisskjema - programstørrelse delt A4 :

		4000,-
8000,- (A5)		
		2000,-
	1000,-	500,-
		500,-

Meir informasjon om dei 3 profesjonelle musikarane:

Dagfinn Andresen spelar tangentinstrument. Han har erfaring frå ulike sjangrar frå populärmusikk, teatermusikk, vise og folkemusikk. Har i seinare år arbeidd mykje med folkemusikk i lag med Liv Merete Kroken og gruppa Spindel. Han er og medlem i visegruppa Verables som har hatt mykje samarbeid med ulike kor, der Dagfinn Andersen har komponert og arrangert mykje av materialet.

Tore Vabø spelar kontrabass. Han har spelt i mange ulike grupper innanfor sjangrar som pop, vise og Jazz. Har vore mykje brukt i komp.grupper for kor og i revyar etc. For tida medlem i visegruppa Verables og diverse prosjekt innanfor korakompagnement.

Fred Johannesen spelar flygelhorn. Han er pensjonert frå Bergen Filharmoniske Orkester. Fred har i tillegg alltid vore utøvande jazzmusikar ved sida av, bl.a. på fleire av dei store nordiske jazzensembla som vart sett saman til Nattjazz i Bergen på 80-talet. Sjølv om han no er pensjonert, er han svært aktiv som freelance musikar i diverse samanhengar i inn og utland.